

## Kurt Inge Andersen (FNB): Innføringa av Autopass

Innføringa av Autopass på fylkesferjene i Sogn og Fjordane frå 1.6.2020 har medført at bilpendlarane har fått ein kraftig auke i reisekostnadene sine. Frå den seinaste tida kjenner ein mellom anna til døme på dette frå Askvoll kommune.

Ferjependlarane har mange reiser på same strekning ( gjerne 40 turar i månaden berre i samband med jobbreise) og er difor den gruppa der Autopass-innføringa har fått størst utslag. Autopass er same teknologi som vert nytta til bompengerekkjering. Det skulle difor liggje godt til rette for å kunne innføre eit månadstak på ferjepasseringar tilsvarande det ein har i bompengeringane.

Det er brei politisk semje om at månadstak i bompengeringar er naudsynt for å skjerme dei brukarane som har flest passeringar, i tillegg til at det gir ei sosial utjamnande effekt. I tillegg til månadstaket har ein også til dømes timesregel som skal skjerme bilistane mot urimeleg høge kostnader.

Ei rekkje parti og representantar i fylkestinget ser jamvel ferjebilletter som ei form for bompengar. Argumenta om behov for utjamning og skjerming burde uansett vere gyldige også for ferjependlarane.

### **Spørsmål 1:**

Er fylkesordføraren einig i at det gjennom innføring av Autopass på fylkesferjene i Vestland er blitt teknologisk mogeleg å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing?

### **Spørsmål 2:**

Ser fylkesordføraren og fylkesrådmannen det som relevant og interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette, til dømes i samband med kommande sak om revisjon av Autopassordninga og soneinndeling på fylkesferjene?

### **Svar frå fylkesrådmannen:**

1. Skyss/Kringom har kontakta SVV for å høyra i kva grad det er teknologisk mogleg å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing. Vi har dessverre ikkje fått svar enno.
2. Dersom det er mogleg vil det vera interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette i samband med kommande sak der ein skal sjå på soneplassering og kva verkemiddel fylkeskommunen har for å eventuelt endre prisar på ferjesambanda. Kva konsekvensar slike modellar vil ha for til dømes samanhengen til til autoPASS-regulativet og økonomi må ein også sjå på.